



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Ny forskrift om krav til datasystem for medlemmer av Bankenes sikringsfond

RUNDSKRIV:

15/2010

DATO:

09.06.2010

RUNDSKRIVET GJELD FOR:

Sparebankar

Forretningsbankar

Filialar av utanlandske bankar som er

medlem av Bankenes sikringsfond

OBOS

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

Finanstilsynet fastsette 19. mai 2010 ”Forskrift om krav til innretning av datasystemer for medlemmer av Bankenes sikringsfond”. Føremålet med forskrifta er å setje administrasjonsstyret i ein bank under offentlig administrasjon og Bankenes sikringsfond i stand til å gjennomføre ei rask og korrekt utbetaling av eit beløp som tilsvarer garantien til sikringsfondet. Forslaget til forskrift blei sendt på høyring i desember 2009. Det kom ingen vesentlege innvendingar mot at forskrifta blei fastsett.

Bakgrunnen for fastsetjinga av forskrifta er direktiv 2009/14/EC som inneheld endringar til gjeldande direktiv 94/19/EC. Ei av endringane som er vedteke, stiller krav om at kundar som er sikra skal motta oppgjer innan 20 verkedagar etter at ein institusjon er sett under administrasjon. Kravet til redusert utbetalingstid er endeleg fastsett i direktivet. Trass i at direktivet enno ikke er teke inn i EØS-avtalen, legg Finanstilsynet til grunn at norske institusjonar må innrette seg slik at krava i direktivet kan oppfyllest no. Finanstilsynet har på grunnlag av dette funne det nødvendig å stille krav til datasystema til medlemmer av Bankenes sikringsfond.

Emil Steffensen

Kjell Arne Aasgaarden

Kontaktpersonar:

Tilsynsrådgivar Ole-Jørgen Karlsen, tlf. 22 93 99 25,

e-post: ole-jorgen.karlsen@finanstilsynet.no

Førstekonsulent Siri Solvang Hjorth, tlf. 22 93 98 21,

e-post: siri.solvang.hjorth@finanstilsynet.no

Lenkje til forskrifta:

FOR 2010-05-19 nr 706: Forskrift om krav til innretning av datasystemer for medlemmer av Bankenes sikringsfond

<http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20100519-0706.html>

